



Øyvind Landsvik
Breivikstølen 25H
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1599 - 16/13248

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

24.06.2016

Areloverføring - GBNR 51/13 - Landsvik - førebels svar

Meland kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad 8.6.2016. Saka har saksid. 16/1599. Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskommunikasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 og byggesaksforskrifta (SAK10) kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggskommunikasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av pbl § 21-7 og SAK10 § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. SAK10 § 7-2 første ledd.

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. pbl § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. SAK10 § 7-3.

I arealdelen til kommuneplanen er eigedomane sett av til landbruks-, natur og friluftsområde (LNF-område). Dette inneber at ei frådelling som omsøkt er i strid med arealformålet, og det må vurderast om det kan gis dispensasjon frå arealformålet LNF til frådelling.

Vidare ligg omsøkte eigedom innanfor byggjeforbodet i strandsona. Det må difor også vurderast om det kan gis dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona.

I tillegg legg føresegn 1.6.14 til arealdelen til kommuneplanen til grunn at fritidsbustadar ikkje skal ha større tomteareal enn 1,5 dekar. Difor må det også vurderast om det kan gis dispensasjon frå grensa fastsatt i kommuneplanen.

Ettersom det er naudsynt å vurdere dispensasjonar i denne saka, vert søknaden no sendt til sektormyndede for uttale. Utval for drift og utvikling må ta endeleg stilling til søknaden i sitt neste møte, som vert den 5.9.2016.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gebyr i saka vert rekna ut ifrå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Øyvind Landsvik

Breivikstølen 25H 5179

GODVIK